

Forskrift om forbod mot bruk av fyrverkeri i tette trehusområde i Ålesund kommune

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar ved å redusere faren for brann, ulukker og uhell som følge av avfyring av fyrverkeri i og nær tette, verneverdige trehusområde.

§ 2. Virkeområde

Denne forskrifta gjeld avfyring av fyrverkeri i Ålesund kommune.

§ 3. Definisjonar

I denne forskrifta skal ein forstå følgande uttrykk slik:

- a) Fyrverkeri kategori 1: Fyrverkeri forbunde med lav risiko og minimalt støynivå, som er berekna til bruk i fysisk avgrensa områder, medrekna fyrverkeri til innandørs bruk i bustader.
- b) Fyrverkeri kategori 2: Fyrverkeri forbunde med lav risiko og lavt støynivå, som er berekna til utandørs bruk i fysisk avgrensa områder.
- c) Fyrverkeri kategori 3: Fyrverkeri forbunde med middels risiko, som er berekna til utandørs bruk i større, fysisk opne områder, og med støynivå som ikkje er helseskadeleg.
- d) Fyrverkeri kategori 4: Fyrverkeri forbunde med høg risiko, som er berekna til kun å bli brukt av profesjonelle, og med støynivå som ikkje er helseskadeleg.

§ 4. Forbod mot bruk av fyrverkeri

Det er forbode å avfyre fyrverkeri kategori 2, 3 og 4 i forbodssonene som er definert i kart.

Det blir presisert at forbodet mot avfyring av fyrverkeri i kategori 2, 3 og 4 gjeld heile året. Dette inkluderer nyttårsaftan.

§ 5. Dispensasjon

Brannvesenet kan dispensere fra forbodet i § 4 etter søknad frå sertifisert pyroteknikar.

§ 6. Reaksjonsmidlar

Ved brot på føresegner i forskrifta eller vedtak gjort i medhald av denne, gjeld lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulukker med farleg stoff og om brannvesenet sine redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova) § 37–§ 40 tilsvarande.

§ 7. Klage og klageinstans

Vedtak fatta av brannvesenet kan påklagast til Ålesund kommune si klagenemnd etter forvaltningslova § 28 andre ledd. Vedtak fatta med heimel i brann- eksplosjonsvernlova § 40 kan ikkje påklagast.

§ 8. Ikraftsetjing

Forskrifta tek til å gjelde ved kunngjering.